

NR. 8

NOVEMBER 1982

15. ÅRG.

Kirkens budskap - kirkens tjeneste

Vår kirke blir av og til kritisert for at den så alt for meget er blitt en «seremonimester» ved høytidelige anledninger i livet. Når den yter sin tjeneste, særlig ved vielse og begravelse, kan kirkehuset være tildels fullsatt, men ved vanlige gudstjenester når kirkens hele og fulle budskap lyder, kan det være god plass.

Nå skal ikke kirken beklage seg over at den ønskes å være en slik «seremonimester». Guds ord lyder jo, om enn i en bestemt og avgrenset situasjon.

Her vil mange si: «Vi hører da kirkens budskap gjennom radio og fjernsyn. Hvorfor skal vi absolutt behøve å gå til kirke? «Det er selvsagt overmåte verdifullt med radiogudstjenesten, særlig for eldre og syke. Den er en god erstatning, men den friske «radiokirkegjengeren» går likevel glipp av viktige ting som gudstjenesten i kirkehuset gir.

Sakramentene kan ikke forret-
framh. s. 12

Ny organist i Arna



VIDAR VIKØREN kommer fra Vik i Sogn, hvor han også er født.


Etter obligatorisk skolegang, gikk han 3 år på Voss gymnas. Deretter spilte han orgel i Bergen hos Thor Grøm, og så reiste han til Oslo og gikk på musikkhøyskolen i 4 år. Kandidateksamen i kirke- musikk tok han i '81, hvor han deretter ble tilsatt som organist i Oslo. Et halvt år spilte han i domkirken i Oslo før han endelig kom hit til Arna.

Oppgavene hans består i å spille
framh. side 14

KYRKJELYDSHUS I ARNA: Sjå side 2

Kyrkjelydshus i Arna

Eit felles løft til felles beste



Sokne ådet har vedteke at der skal byggjast kyrkjelydshus i Arna.

Det er i det høve nevnt opp to nemnder som i samarbeid med soknerådet skal gjennomføra dette prosjektet. Det er ei byggjenemnd og ei økonominemnd.

Mandatet som er gitt økonominemnda er:

Økonominemnda bør drøfta ulike innsamlingsformer og setja tiltaka i verk i den rekkjefylgje dei finn mogeleg. Ut frå dette mandatet har nemnda teke fatt på arbeidet. Den har halde to møter der ein del praktiske tilhøve vart drøfta, m.a. samansetjing av nemnda og innhenting av røynsler frå andre som har gjennomført tilsvarande oppgåver.

Det er klart at dette er ei oppgåve som krev innsats både på det tekniske og økonomiske plan.

Soknerådet har i si grunnj-

ving for vedtaket om å setja i gong ein slik plan, m.a. hatt for auga det behov som etter kvart kjem opp i ein slik kyrkjelyd som den vi har i Arna. Dei ulike aktiviteter har plassbehov som endrar seg etter kvart som tida utviklar seg. Kyrkjelyden må i dag ta i bruk leigde lokaler, noko som ikkje alle gonger er like høveleg.

Det må også strekast under at det offentlege ikkje har midlar til eit slikt bygg det her er planer om. «Pliktene» deira går berre på å reisa sjølve kyrkjebygget, ynskjer og behov utanom dette må koma på annan måte.

Det kan også nemnast at den form dei nye kyrkjene har fått i dag, dekkjer eit større arbeidsbehov enn slike som m.a. vår eiga kyrkje på 118 år gjer.

Når soknerådet no vender seg til alle i kyrkjelyden, er det for at vi i fellesskap kan reisa eit høveleg

bygg som også kan nyttast til ulike aktiviteter innanfor det arbeid kyrkja er sett til å gjennomføra.

Denne rettleinga byrja med overskrifta:

Eit felles løft til felles beste.

Økonominemnda vil i tida framover venda seg til alle i kyrkjelyden med bøn om bidrag. Eg vil her seia at alle «monner drar» eller «mange bidrag små gjer eit stort bygg». Skal vi makta å gjennomføra dette, er det avgjerande om vi greier å leggja eit så godt økonomisk grunnlag, at byggjenemnda kan utføra si oppgåve med å få opp eit så praktisk bygg som mogeleg.

Her vil eg seia at alle kan vera med å reisa dette bygget som skal vera ein reiskap i kyrkjelydsarbeidet. Tenk på ungdomsarbeidet, speidarar, Ten sing, konfirmanter, eldre o.a. som i dag held til snart her og snart der.

Bygget vil liggja like i nærleiken av kyrkja, der vi frå før av disponerer tomt. Dette gjer det heile litt lettare for byggjenemnda som slepp å finna ny tomt, gjera denne byggjeklar o.s.b.

Vi voner etter det som her er nevnt, at dei henvendelser som økonominemnda gjer til alle i Arna, vert godt motteken og slutta godt opp om.

Vi har her ein stor sjanse til å gjennomføra ei felles oppgåve.

De vil verta orienterte om utviklinga etter kvart som det skjer noko i arbeidet med å byggja eit

KYRKJELYDSHUS I ARNA.
Byggjenemnd v/Harald Haugsvær
Økonominemnd v/Otto Haukeland

Økonometer Kyrkjelydshus i Arna

17000
16000
15000
14000
13000
12000
11000
10000
9000
8000
7000
6000
5000
4000
3000
2000
1000



TV-innsamlingen 82
aksjon
HÅP
Med norsk misjon til mennesker i nød
Søndag 10. oktober

Sundag 10. oktober kunne ein ikkje la vera å vita om innsamlinga til Aksjon Håp. Av det vi fekk sjå i massemedia kan vi slå fast at det utan tvil står stor respekt av den innsats norske misjonærar gjer i mange land.

Innsamlinga i Arna var godt organisert og det vart lagt vinn på at alle skulle få besøk.

Men her som andre stader var det mange som var bortreist i innsamlingstida. Det fine veret og skulefri gjorde at det vart stor utfart.


Mange stader var 30 % av husstandane borte — andre stader endå fleire. Likevel vart sluttresultatet gledeleg stort. Over 90 millionar kroner er kome inn til no — og det vil sikkert koma meir.

I fjor gav TV-innsamlinga 84 mill. som sluttresultat.

I Arna kom det inn kr. 217550 sjølve innsamlingsdagen. Det er eit bra resultat om ein tek omsyn til alle som var borte. Med det skulle ein vera i nærleiken av det som er gjennomsnittet for heile landet: ca. kr. 19 pr. person.

I Bergen er det no kome inn godt og vel 3 mill. Men stadig kjem det meir over postgiro og bankgiro. Innsamlinga er ikkje avslutta så framleis kan ein senda gåvene over postgiro 25 og bankgiro 8200.01.40100 adr.: Aksjon Håp, Postboks 1733 Vika, Oslo 1.

BREV FRA BHUTAN



I forbindelse med aksjon Håp var det flere fjernsynsprogram fra Bhutan-verdens fattigste land. Gjennomsnittsinntekten for folket er kr. 400 pr. år, og det er vanskelig — for ikke å si umulig — for mange syke å få medisinsk hjelp.

Diakon Nils M. Sture har tidligere bodd i Arna. Han arbeider nå i Santalmisjonens helseprosjekt i Bhutan og har sendt oss dette brevet om sitt arbeid:

Det oppleves som et privilegium å få være med og arbeide i et land som Bhutan, et lite fjelland øst i Himalaya med vel én million innbyggere. Et land som har vært så å si forseglet og utestengt fra fremmed innflytelse i århundrer. Dog, siden 1967 har norsk misjon vært involvert i helsearbeidet her, — og idag er vi 12 norske engasjert i dette arbeidet.

Kulturforskjellen i forhold til Vesten er enorm. Det oppleves til daglig. Som når de kommer bærende med en ung kvinne til klinikken i Khaling, dødssyk av

tuberkulose. En innstendig anmodning til de pårørende om overføring til nærmeste sykehus, Riserbo, fører ikke fram. Selv ikke med ambulansejeepen kjørt fram til inngangen og alt klappet og klart, lar de seg overtale. Folk i Bhutan har nemlig den forestillingen at om et menneske dør utenomhus, langs veien f.eks., vil vedkommendes ånd måtte flakke hvileløst omkring uten å finne et tilholdssted. En slik plage vil de gjenværende unngå for enhver pris. Den dødes ånd kan forårsake ubotelige skader.

Så innretter de seg da som best de kan på vårt vesle sykerom, pasienten og de pårørende. Tre i hver av de tre sengene, og resten på gulvet. 18 mennesker teller vi der inne om natten. Behandling iverksettes som best en kan utifra små midler ved en liten landsbyklinik. Men som så ofte ellers har de vært altfor sent ute med å bringe pasienten. Først har de også prøvet ut sine private metoder, riper i huden, etterfulgt av bønneformularer.

Ikke overraskende dør kvinnen etter vel et døgn. Frem kommer hellige, buddhistiske bøker med nedtegnede bønner, og det bedes over den døde i mange timer etter at hun er sovnet hen. Den lokale lama, presten, kontaktes og han finner ut av gamle religiøse skrifter når tid på døgnet det vil være beleilig å ta den døde ut av huset. Hensynet til og beskyttelse mot hennes ånd er igjen det altoverskyggende momentet. 36 timer etter dødsfallet er øyeblikket kommet. Liket tas i en sekk på ryggen og bæres et par kilometer til likbrenningsplassen.

Kan vi nå fram med evangeliets frigjørende budskap til bhutanes-

erne? Det er riktignok forbudt å forkynne offentlig noe annet enn buddhistisk lære i dette landet, og myndighetene er på vakt mot overtredelser av denne loven. Men vi blir ikke forhindret fra å gi personlige vitnesbyrd på tomannshånd, ei heller fra å ha daglige andakter ved våre institusjoner. Buddhistiske tradisjoner har et sterkt grep på folket. Det er en mur som kan synes ugjennomtrengelig. Men vi tror og vet at Gud har satt oss her. Og vi tror og vet at Den hellige Ånd er istand til å sprengre bomber av jern og bryte istykker porter av kobber.

Bhutan vil bl.a. bli fokusert i TV under aksjon Håp, og vi er takknemlige for de ekstra midler som på den måten tilføres arbeidet. Om noen fler også kunne se det som sin oppgave å be for dette arbeidet, ville det være av enda større verdi.

Nils M. Sture

«Fest på kjerka»

Sjømannsmisjonen stiller til «Fest på kjerka» i Kyrkjelydshuset, Ytre Arna, søndag 21. nov. kl. 18.00. Film, besøk frå Sjømannsmisjonen, innsamling av pakkar til sjøfolk.

Song av Haugland song- og musikklag, servering.

Kyrkjelydsfest — Familiesamling

i Kyrkjelydshuset Ytre Arna søndag 14. nov. kl. 17.00.

Sokneprest Odd Handal frå Sundagsskuleforbundet vert med. Presentasjon av bøker o.l. Velkomne både store og små.

Øyvind Øy formann i Bjørgvin Bispedømeråd

Frå 1. juli i år, har soknepresten i Arna vore formann i Bjørgvin Bispedømeråd. I den samanheng fekk vi han til å fortelja litt om kva Bispedømerådet er, og kva dei er opptekne med.

Rådet vert valgt kvart 4. år og har 5 medlemmer. Biskopen er fast medlem, 3 lekmenn vert valgt av sokneråda, og prestane i Bjørgvin vel ein repr. som i dette høvet er Øyvind Øy.

På kontoret i Stiftssenteret i Kalvedalsv. 45, har dei tilsett ein sekretær, to kontorsekr., diakonikon-sulent, og undervisningskons. (Som f.t. arbeider gratis på frivillig basis).

Økonomi. Staten dekkjer ein del løner o.a., men vi er også avhengig av offergåver og tilskudd frå Sokneråda for å kunna driva arbeidet vårt.

Møter. Bispedømerådet har 6 heil-dagsmøter i året, noko departementet har bestemt.

Arbeidsoppgåver. Først og fremst tek Rådet opp oppgåver til hjelp for Sokneråda. I vår hadde vi kurs i kvart prosti for alle dei nyvalgte sokneråda. Vi er no i full gang med ein ny runde kurs, der også andre interesserte kan vera med. Emner som: Leiing av sokneråd, økonomi, diakoni, vaksenopplæring o.s.b. vert teken opp.

Vi har arbeidd mykje med vaksenopplæring og Kyrkjelyds-skulen.

Diakoni. Vi er også opptekne med utbygging av besøkstenesta innan den frivillige diakonitenesta. Dette er ei stor oppgåve, for sjølv om sosialtenesta er godt utbygd, trur vi det er mange einsame som

treng kontakt med — og hjelp av andre.

Opplæring. Skulen og forholdet skule/kyrkje er også noko vi er opptekne med. Det er her viktig å følgja opp DÅSOPPLÆRINGA heilt frå barnet er døypt og til det er konfirmert, ja om mogeleg endå lengre.

Vi vonar også å koma i gang her i Arna frå nyttår av, med ei besøkstenesta der vi besøker dåpsbarna på dåpsdagen dei tre første åra. Vidare inviterer vi då til familiegudstj., sundagsskule og utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4 åringane.

Utvida ansvarsområde. Det er også i gang planer om å utvida ansvarsområdet til Bispedømerådet. Vi får då ein repr. i tillegg, som skal veljast mellom dei tilsette i kyrkjelyden. Rådet skal då også vera med å tilsetja prestar. Om dette vert gjennomført i løpet av 1983, er ikkje heilt klart enno.

Kan til slutt nemna at Bispedømerådet også skal vera eit mellomledd mellom Kyrkjerådet og soknerådet.



..... BARNESIDE

Teiknekonkurranse

Norsk Søndagsskoleforbund utlyser i samband med aksjonen BLI MED 83 ein teiknekonkurranse for born. Konkurransen er open for alle. Teikningane sender ein til:

Norsk Søndagsskoleforbund, Kr. Augustsgt. 19, Oslo 1, innan 25. mars 1983.

Merk konvolutten: Teiknekonkurranse.

Oppgåver:

1. Alle må få høyre om Jesus (Matt. 28, 18-20)
2. Jesus passar på oss (t.d. Joh. 10, 27-28)
3. Teikna noko frå forteljingane om Naaman (2. Kong. 5)
4. Teikna noko frå forteljinga om Josef (1. Mos. 37)

5. Teikna noko du har tenkt mykje på.

Oppgåvene kan utførast som enkeltarbeid eller som fellesarbeid. Minst A4-format, høgde. (Arket vert lagt med langsida loddbeint). Bruk klare og tydelege fargar, gjerne tusj eller vassfargar. Teikna stort! Arka bør ikkje brettast.

Skriv namn, alder og adresse på baksida av arket — ikkje på sjølve teikninga. Fellesarbeida kan gjerne lagast av stoff med filt, tøy, knappar o.a.


Aldersgrupper og premiering:

Teikningane vert vurderte i tre aldersgrupper:

I: 4-7 år, II: 8-10 år, III: Over 10 år. Fine premiar til dei beste.

FINN NAMN PÅ BYAR

1. Lite verktøy
2. Gutt, i stykker
3. Verktøy + gaman
4. Eg er sund
5. Stokk + lukter
6. Gutt + sand
7. Gutt + bustad
- 8.




Vassrett:

1. Fugl
5. Stilla
6. Ikkje på
7. Om natta skal eg
9. Dykk (bokmål)

Loddrett:

1. Mynt
2. Blome
3. Streve
4. Jentenamn
8. Tre



- 9.
- 10.

Familieside

DØYPT

Arna sokn:

- 4/9: Roy Helge Larsen
Kjetil Tveit Olsen
Døpt i Ådland kirke.
Arild Lyhammer
Døpt i Bergen.
- 26/9: Øyvind Tunestveit
Døpt i Takvam kapell.
- 3/10: Cato Sæbø
Arne Bondø Hatling
Aksel Bondø Hatling
Vigdis Olsen
Astrid Hunnes Solhaug
Kristine Bjørkhaug
Kristin Agnete Stormo
Elin Merete Stormo

Ytre Arna sokn:

- 3/10: Anette Olsen
17/10: Margrethe Kalsås

VIGDE

Arna sokn:

- 18/9: Sverre Strømmen og Bente
Mariann Johannessen.

Helge Spilde og Elin
Skulstad.

- 25/9: Viktor Johannes Sandal
og Åse Rolland.
- 11/9: Karsten Presttun og
Jorunn Sårheim.
Vigde i Åsane kirke.
- 2/10: Magnar Erling Hagebø og
Astrid Margrete Johansen.
Vigde i Mariakirken.

Ytre Arna sokn:

- 9/10: Birger Gullbrå og
Sissel Anita Hansen.

DØDE

Arna sokn:

- 13/9: Karoline Haldorsen f. 1901.
15/9: Anna Faugstad f. 1902.
27/9: Marguerite Zinke f. 1894.

Ytre Arna sokn:

- 6/9: Pernille Langeland, f. 1908.
18/8: Kristine Remme, f. 1916,
gravlagt Alversund.
30/9: Kamilla Rivenes, f. 1900.


Ofringane i Kyrkjelydane

ARNA

- 19/ 9 Den Norske Santal-
misjonen 1.622.-
- 26/ 9 Det Hvide Bånd 3.369.-
- 3/10 Bergen Sundags-
skulekrins 3.646.-
- 6/10 Aksjon Håp
(Unneland Skule) 642.-
- 10/10 Aksjon Håp 3.141.-

YTRE ARNA

- 26/ 9 Det Hvide Bånd 1.202.-
- 3/10 Bergen Sundags-
skulekrins 1.560.-



Presten har ordet



Harald Sundsbø

Aksjon Håp og tenesta vidare

Med Aksjon Håp vart misjonen sitt arbeid vist på ein fin måte for oss alle. Der var det norske folk med på å gje ei god hjelp til det humanitære arbeidet norsk misjon driv. Og misjonæranne vil nok også syta for at desse midlane vert brukt på ein effektiv måte. Misjonen sitt hjelpearbeid når ut til dei som treng det mest.

Men med misjonen sitt arbeid slik presentert for oss har det vel ikkje berre fått oss til å gje noko ein dag? Aksjon Håp har vel også opna augo våre på nytt for det store arbeid misjonen driv? Kvart år sender dei ut 150 mill. kr. til andre land. Og desse midlane kjem inn utan nokon Aksjon Håp. Det er menneske som er tent for misjonen si sak som er med på det. Kanskje denne aksjonen tente nokon fleire?

Det er god plass for nye medlemmer til misjonsforeningar og faste gjevarar. Ja, det er stor trong for det om misjonsarbeidet skal halda fram som før.

Ved å ta kontakt med kretskontora for misjonsselskapa kan ein få opplysningar om dette. På kyrkjekontora kan vi også vera til hjelp med det.

Misjonen skulle vera heile kyr-

kjelyden si sak — ikkje berre for nokre «spesielt interesserte».

Ei kristen kyrkje har ikkje nok med seg sjølv — men skal vera med på å la evangeliet «gå ut i all verda» — i ord og gjerning.

Difor er det ein plass i forbønsteneste, arbeid og offervilje for misjonen. Vi har ikkje gjort alt med Aksjon Håp — det er ei teneste vidare for oss alle.

Møte:

Betania, Lone:

4. nov. Basar for Det norske misjonsselskap, kl. 19.30.

Arna Bedehus:

7. nov. Kyrkjelydstreff kl. 19.30.
14. nov. Sjømannsmisjonens basar.
25. nov. Pensjonistsamvær kl. 17.00.
27. nov. Felles ungdomskveld kl. 19.00.

Ytre Arna Bedehus:

- 2.-7. nov. Møteveke for Indremisjonen. Tale v/Nils Bognøy.
24., 25., 27. og 28. nov. Møteveke for Norsk kristen muslimmisjon. Tale v/Kåre Nyhavn.

Kyrkjelydshuset, Ytre Arna:

14. nov. kl. 17.00 Familiesamling.
21. nov. kl. 18.00 «Fest på kjerka». Sjømannsmisjonen.



UNG I ARNA

Ten Sing

S.O.S.-signalet fra Ten Sing har blitt besvart. Koret har fått fire nye voksenledere (Harald Haugsvær, Anne Kari og Trond Kleiveland og Ragnhild Helgesen + en umusikalsk ettåring) og dessuten har vi fått nytt styre og ny formann — Marianne Hydle.

Antall folk som møter opp på øvelsene hver torsdag kl. 18.45 varierer, men gjennomsnittstallet ligger på ca. 30-35 stk. (noen nye har og begynt i høst — hvilket er gledelig!)

I år har vi tenkt å «bygge ut» miljøet rundt Ten Sing mer (derfor har Treffene ikke blitt startet). Det vil bli lagt mer vekt på det sosiale — ikke bare synging — men av og til med øvelser hvor vi kan samles oppe i Borgstova (som hovedsakleg er tenkt til som ungdommens rom) — hvor vi kan gå i pausene for å slå av en prat, istedenfor å henge utenforbi kirken.

Ten Sing har og hatt en sosial kveld hjemme hos to av voksenlederne en lørdag — helt uformelt — for å prate og bli bedre kjent.

Lørdag 23. oktober arrangerer Ten Sing og en Gospelnight hvor dramagruppen som er startet innen koret deltar.

Dessuten har vi startet bibelgrupper som et godt tilbud til å bli bedre kjent med hverandre — miljøet og selve budskapet vi synger om.

Så Ten Sing sviver bra — men det er stadig ønske om å få flere til å begynne. Det finnes ingen prestasjonskrav — vi ønsker bare at koret skal være et miljø hvor du vil føle deg hjemme. Så hvorfor

begynner ikke du som er 14 år eller eldre...?

Herre, —

Gi oss nåde til å
hige mer etter
å inkludere
enn å bli inkludert

Takk for at du omslutter alle.



Unge Vaksne

Ja, tru det eller ei! Unge Vaksne har pussa støvet av seg sjølv, og står no fram i fornya utgåve. Me e mest 20 ungdommar over 18 år som annankvar laurdag krabbar opp trappane te vår nye residens i Borgstovas toppetasje. — Ja, lokale e verkeleg topp, i alle fall te vårt formål — nyoppussa og greier. Hammar, tapetseringssleiv, nål og tråd har nemleg vorte svinga truttig dei siste månadane.

Kva e da so me vil med dette? Beskua vår egen navle, eller frelsa Arna? Me lar spørsmålet stå ubesvara, men de me veit e at me ska vera te inspirasjon for kvarandre!

— Me må ha ein stad å vera, la kjeftesmella gå saman med jamaldringar, «løysa» verdensproblem, eta litt og berre kosa oss saman.

Midt oppi alt dette vil me freista å ha han me trur på i sentrum!

Byråkratiet i Unge Vaksne består av eit styre på tre. Dette til tross, meininga e faktisk at kvar enkelt ska gjera ein innsats for miljøet sjølv. Me vil altså freista å fordela dei praktiske oppgåvene på oss alle. — Ei av desse oppgåvene vert å leggje opp dei ymse møta. Da e planen at annankvart møte skal vera ganske uformelt medan resten blant anna skal innehalda ein bibeltime med rom for samtale/diskusjon etterpå.

Er du ein av dei so kunne tenkt deg å krabba saman med oss te «loftet», eller ser du di oppgåva å kneppa hendene saman og hugse opp i bøn? — for Unge Vaksne treng vi verkeleg!!

Alf Jakobsen



Ein prat med EVY BJERGA



— Du kom hit til Arna i august, og skal vera i menigheten vår i ca. 1 år. Fortell litt om hvor du kommer fra, og grunnen til at du melde deg til denne tjenesten i kirken?

— Jeg kommer fra Stavanger, hvor jeg var med som barne- og ungdomsleder i Hinna menighet. Jeg ønsket å komme meg litt «ut» igjen og ønsket å jobbe i Guds rike på heltid. Jeg satte opp Bergen på ønskelisten og var derfor så heldig

å komme hit.

— Du har vært her noen uker. Har du fått noen arbeidsoppgaver?

— De har heldigvis begynt å strømme på — og det er jeg glad for, slik som Ten-Sing (være i miljøet og være med å bygge det ut), barnegrupper, barnekor, fritidsklubben for funksjonshemmede, Ungdomsrådet, redaksjonen for Kirkebladet og diverse skoleanakter + litt forskjellig utenom.

— Har du fått en del kjente også kanskje?

— Ja, jeg er blitt positivt overrasket over at det er ganske mange voksne på min alder — så jeg tror ikke det vil bli noe problem.

— Hva venter du deg av dette året i Arna?

— «Rikt» først og fremst — er veldig positivt innstilt på å gjøre best mulig ut av dette året. Mye nytt å lære som jeg tar som en utfordring. At Gud vil være med meg og styrke meg i arbeidet, slik at jeg ikke strever i egen kraft. Håper virkelig å vokse som menneske og som kristen!

— Lykke til med arbeidet og håper det vil bli et rikt år for deg, og for de du skal arbeide blant!



Felles ungdomskveld

Laurdag 27. november er dagen, og staden er bedehuset i Indre Arna der vi samlast kl. 19.00.

Alle lag/organisasjonar som driv ungdomsarbeid i kyrkjelyden går saman om arrangementet. Sjå etter nærare kunngjering når dagen nærmar seg!

Alle er velkomne!

Takvamstemne

Nemnda for Takvam kapell innbaud folk på Solstrand og Skyggjestrand til Takvamstemne søndag 22. august. Først var det gudsteneste i kapellet ved prestane Dahle og Sundsbø. Deretter kyrkjekaffi på Tunes bedehus.

Der vart det fortalt om minner frå tidlegare tider.

Frå Solstrand var det Magnhild Blom Havre og Johannes Torp som førde ordet, og frå Skyggje-

strand Kari Takvam og Trygve Herland. Sokneprest Mjøs hadde eit historisk tilbakeblikk.

Folket på begge sider slutta godt opp om samlinga og i kollekt kom det inn kr. 1.800 til utviding av kapellet.

Neste samling på Takvam er søndag 7. nov. Då er det gudsteneste v/sokneprest Øy og samling på Tunes bedehus etterpå med Lars Aasgaard som festtalar.

Nytt kyrkjelydstreff i Arna

Kyrkjelydstreffet i Arna den 19. september fungerte fint. Dei omlag 70 som var samla hadde ein utbytterik og triveleg kveld saman. No er det klart for nytt kyrkjelydstreff. Søndag 7. november kl. 19.30 har vi invitert forstandar i Frikyrkja i Bergen, Reidar Paulsen til å vere saman med oss.

Kva er eit kyrkjelydstreff?

Dei som har lagt opp til desse samværa ynskjer at det skal vere ei samlingsform som er open og uformell

— der vi kan invitere med naboar og vener

— der vi kan verte kjende med nye

— der vi kan samlast om Guds ord

— der vi kan verte betre kjende med arbeidet i kyrkjelyden

— der vi kan ta opp aktuelle emne i tida

— der vi har ein hyggeleg prat over ein kopp kaffi

Emnet for denne kvelden vert «Felleskapet i kyrkjelyden — korleis fungerer det og korleis kan vi gjere det betre?» Det vert musikk av Dagfinn Rode og Vidar Vikøren.

Ta med litt mat. Den set vi på langbord.

Vel møtt til kyrkjelydstreff søndag 7. november i Arna bedehus.

FRAMHALD FRÅ S. 1

tes gjennom radio, samfunnet med menigheten blir borte og hjemme i stuen er det så lett for å bli distraherert av forskjellige ting, så en mister noe av den andakt som kirkerommet og nærværet under gudstjenesten gir. Ens kristendom og kirkegang blir uten det vidnesbyrd de skal ha, og det er en mangel.

Nei, la oss kjenne vårt ansvar og slutte opp om menighetens gudstjeneste hvor hele Guds råd til frelse bæres frem gjennom ord og sakrament, og la oss med fred i sinn og ferd tjene Gud og medmenesker med glede.

*Her er Guds hus og himlens port,
herfra det går en stige
av ord og sakramenter gjort
helt opp til himmerike.*

(Salmeb. nr. 716)

Knut Sellevold

51- og 50-års konfirmantar i Ytre Arna

For første gong i Ytre Arna vil ein prøva å samla 50-års konfirmantane. Sidan ein ikkje har hatt slike samlingar før og det ikkje var så mange konfirmantar i 1932, er 51-års konfirmantane også innbedne.

Samlinga vert i samband med gudstenesta i kyrkja 21. nov. Etter gudstenesta vert det høve for «konfirmantane» å få ein matbit og utveksla minne i Kyrkjelydshuset.

KONFIRMANTAR I

YTRE ARNA 4. OKTOBER 1931

Lars Eide
+ Johan Hansen
+ Alfred Johannes Indrearn
Anker Birger Johannessen
Arthur Sæther
Odvard Olai Vevle
Maria Birkeland (Hjortland)
Marit Anna Ekanger (Leknessund)
Odny Gaupås (Sundland)
Aslaug Margreta Johannessen (Havre)

Anna Haugland (Espedal)
Myrthild Reigstad (Unneland)
Lilly Klara Rise (Rasmussen)
Astrid Rolland
Margit Lydia Skår (Wutscher)
Maria Teigland (Vognstølen)
Borgny Elfrida Vik (Venseth)
+ Liv Borgny Aasgård

KONFIRMANTAR I

YTRE ARNA 2. OKTOBER 1982

Einar Revheim
Sverre Vatlø
Johannes Blindheim
Magnus Halland
Marta Nelia Boge (Fredriksen)
Josefine Kristine Karoline Ekanger (Uthaug)
Marit Nævdal
Anna Malena Thunestvedt
Berly Karen Haugland (Bakketeig)
Nora Kristina Rønhovde (Langeland)
Berta Rolland (Sylten)

Når det står + framfor namnet, vil det seia at han/ho er død. Slektsnamnet i parantes er det namnet som gjeld no.

Glimt frå Kyrkjelyden



Frå eldretreff på Flatane, Ytre Arna. Ved pianoet frk. Visted, 95 år.



FRÅ SOKNERÅDA

Arna:

Ny komité for gjevartenesta. Marit Horntvedt og Jan Marius Olsen er no ansvarlege for gjevartenesta i kyrkjelyden.

Økonominemnd for kyrkjelyds-hus. Nemnda er i gang med arbeidet. Dei som er med: Ellen Øgaard, Anna Pettersen, Johannes Hesjedal, Grethe Berge Larsen, Audny Nesse, Atle Vie, Klara Stephansen og Otto Haukeland. Sistnemnde er formann i nemnda. *Oppslagstavle i kyrkja.* Ein vil no få opp ei oppslagstavle i våpenhuset i Arna kyrkje, med plass til oppslag om arbeid/arrangement o.l. i kyrkjelyden.

Ytre Arna sokneråd

Innkjøp av kontorutstyr. Til kyrkjekontoret har ein fått kjøpt inn diverse brukt kontorutstyr: kontormøblar, stensilmaskin stensilbrennar o.l. Sokneråda søker kommunen om å dekkja noko av utgiftene.

Barne/ungdomsarbeidarar. Soknerådet har tilsett 2 studentar som skal hjelpa til i kyrkjelyden nokre timar i veka med barne/ungdomsarbeid. Tilsettinga gjeld for dette skuleåret.

Høyreanlegg i kyrkja. Soknerådet gjorde vedtak om å innhenta tilbod då Ytre Arna til no ikkje er mellom dei kyrkjene kommunen innhentar tilbod for.

Preikestolkjede i kyrkja. Etter at kyrkja fekk nye fargar inne høver ikkje fargen på preikestolkledet. Soknerådet vil arbeida for å få skifta det ut.

FRAMHALD FRÅ S. 1

til søndagsgudstjenestene, (noe som er nokså opplagt), dirigere kirkekoret (noe som han liker godt), dirigere guttekantoriet (drømmen skal visstnok være å ha et kjempestort guttekor å dirigere). Dessuten blir det ungdomsgudstjenester, skolegudstjenester og begravelser. I tillegg må det øves 3-4 timer om dagen på orgelet.

Hva vil det så si å være organist? — Egentlig veileder for kirkemusikken i menigheten, dens sang og musikkliv og gjøre menigheten kjent med kirkens musikalske språk samt vise frem nyere kirkemusikk. Musikken er en viktig del av kristen forkynnelse. På kirkekonsertter må en organist passe på at musikken musikerne spiller er i pakt med kirkens tradisjon.

Vidar bor for tiden i Bergen hvor han etter sigende trives godt, men han får jo ikke noe «feeling» med miljøet og menigheten ved å bo 'litt' unna.

Så derfor oppfordres det til å finne en leilighet til organisten vår i Arna-området.



KIRKENS SOS

Engen 22, 5000 Bergen er telefon-senteret for samtale og sjelesorg. Du kan bruke tlf. 23 30 80 kl. 19.00-07.00 når du trenger et menneske å snakke med.

For økonomisk støtte kan du bruke postgironr. 5 30 00 09 el. bankgironr. 8401.21.00778.

Takk for ditt engasjement.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørgeres oppsatt.

ARNA SPAREBANK

Indre Arna - Espeland - Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866

Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 115 år.

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon: 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje



7. NOVEMBER:

Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Student- og skoleungdomslag. Sundagsskule.

Takvam kl. 16.30. Sokneprest Øy.

Trengereid kl. 18.00. Res.kap. Sundbø.

14. NOVEMBER:

Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

Ytre Arna kl. 11. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Menighetsfakultetet. Song av Haugland sundagsskule.

21. NOVEMBER:

Arna kl. 11. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. 1. klassingane er spesielt inviterte. Ålvik barnegospelkor. Offer til Bedehuset Betania.

Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. 50-års konfirmantar. Ytre Arna kyrkjekor.

28. NOVEMBER:

Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Muhamedanarmisjonen. Sundagssk.

Arna kl. 19.00. Lysmesse. Offer til Norges Kristelige Ungdomsforbund.

Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Israelsmisjonen.

5. DESEMBER:

Arna kl. 11. Sjukehusprest Audun Tang. Nattverd. Offer til dei fire diakonist. Sundagsskule.

Ytre Arna kl. 19.00. Lysmesse. Offer til Student- og skoleungdomslag.

Trengereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jepsensv. 39:

Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Audun Rønhovde, Evy Bjerga, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innsending av stoff til nr. 9, 8. nov.